

Leigetakrar på Torgplassen

| | | | | |
|-----------|-------------|---------------------|------------|------------|
| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Direktenr. | Dato |
| 17/172 -4 | | Odd Rune Turvoll | 99231313 | 28.02.2017 |

Torghandel i Vik sentrum

Lokal forskrift av 9. mars 1992 for torghandel i Vik sentrum var bygd på «*Lov om handelsvirksomhet av 6. juni 1980 nr. 21 § 3-2, 5. ledd*». Denne lova er ikkje lenger gyldig. Med verknad frå dette dokumentets dato er difor den lokale forskrifta erstatta med retningslinjer og reglar slik det går fram av dette dokumentet.

Torgplassen var fram til no plassert for ungdomshuset (Sentrumsgata 72) ved RV13. Denne torgplassen kan framleis nyttast som utsalsplass og blir heretter kjent som Torgplass 2. Den nye torgplassen i sentrum blir kjent som Torgplass 1. Sjå kartet nedanfor.

Areala er begge eigd av Vik kommune og er i «Kommuneplan for Vik kommune 2013-2024. Arealdelen» lagt ut som areal for sentrumsføremål (ref. PBL § 11-7 «Arealformål i kommuneplanens arealdel»).

Torgplass 1 er etablert primært for lokale næringar og lag og organisasjonar. Sjå elles reglar nedanfor.

#velkomentalvik





handelsverksemd kan tilvisast plass på Torgplass 1 eller til andre kommunale areal.

Reglar for utøving av torghandel i Vik:

1. Omgrepene 'handlande' som er nytta i dette dokumentet er synonymt med person som driv handel.
2. Den handlande er sjølv ansvarleg for å overhalde relevante lover og reglar i samband med sin handel.
3. Handel på offentlig plass skal fortrinnsvis skje på Torgplass 1 eller Torgplass 2. Eventuelt andre områder eigd av Vik kommune kan tildelast av Vik kommune.
4. Torgplass 1 skal fortrinnsvis nyttast av lokale næringsdrivande eller lokale lag og organisasjoner.
5. Omreisande handlande som omset varer frå jord-, skog- og hagebruk samt sjømat skal fortrinnsrett nytte Torgplass 2.
6. Loddosal og andre aktiviteter som ikkje er omhandla i lov om
7. Tidspunkt for torghandel er avgrensa av heilagdagsfredloven §5.
8. Storleiken på plassar bestemt for torghandel er enten 15 m^2 ($5 \times 3\text{ m}$) eller 30 m^2 ($7,5 \times 4\text{ m}$). Bil som blir brukt som salsbu må ikkje ha større lengd enn 7 m.
9. Alle som vil nytte torg- eller annan offentleg salsplass må ha samtykke til dette og skal tilvisast plass av Vik kommune. Rådmannen avgjer til ei kvar tid kven som skal utøve dette myndet.
10. Torghandel skal fortrinnsvis skje frå mobile buer eller liknande. Varebilar med lengde over sju meter kan bli flytta til Torgplass 2 eller anna kommunalt areal.



11. Ingen handlande kan tildelast meir enn ein plass.
12. Ingen må ta plass på salsstaden tidligare enn en halv time før den tida som er fastsatt for torghandelen. Den som driv sal må rette seg etter dei pålegg som politiet gir av omsyn til den alminneleg orden og etter dei påbod som blir gitt av helserådet. Den som ikkje retter seg etter gitte pålegg og påbod kan visast bort.
13. Den handlande skal syte for reinhald på staden i salstida, og må syte for at omgivnadane ikkje blir skjemma eller tilsøla av verksemda. Den handlande er pålagt å setje opp papirkurver.
14. Innan ein halv time etter salstidas slutt skal alle varer, korger, bord m.m., buer og køyretøy, samt alt avfall være fjerna frå salsstaden.
15. Torghandlar som blir tildelt bestemt plass, må ha tatt denne i bruk innan avtalt tidspunkt elles kan den tildelast ein annen. Ingen løyve gis for lengre tid enn 31. desember det året løyet blir gitt. Førehandsbestilt plass må takast i bruk første dag. Dersom underretning om forseinking ikkje skjer, blir plassen disponert til andre handlande for resten av den reserverte perioden.
16. Handlande som blir anvist torgplass skal betale gebyr til kommunen før bruk av plassen. Gebyra og formular finn ein på Vik kommune si heimeside (www.vik.kommune.no).
17. Kvittering for betalt gebyr skal ved førespurnad vere tilgjengeleg på salsstaden.
18. Førehandsbetalte torgplassar gjeld ikkje ved arrangement der kommunen har latt arrangør få disponere hele torgområdet (f. eks. Gamalostfestivalen, Bringebærfestivalen, 17. mai og liknande.) Ved slike arrangement må torghandlarane forholde seg til arrangørane som disponerer torgplassane.

Oddbjørn Ese
rådmann

Odd Rune Turvoll
Næringsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



#velkomentivilvik

